



MINERVA glei sakte utover gjennom Storsundet i ettermiddag som den fyrste av cruisebåtane i denne sesongen. Med sine 12 500 tonn er den relativt liten, men den harein spesiell historie ettersom den var planlagt som spionskip for Sovjet-Unionen. Men planen vart kutta ut, som ein naturleg konsekvens av Sovjetimperiets fall. Den vart i staden bygd som ein vanleg cruisebåt og levert i 1996. For 2 år sidan vart han kraftig oppgradert.

Minerva tek 350 passasjerar og er registrert på Bahamas. Den har eit mannskap på 160, dei fleste frå Filipinane og Ukraina, men offiserane er britiske og frå andre delar av Europa. Minerva opererar på dei fleste hav og no er båten undervegs til dei baltiske landa.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

